

**Fra:** Tore Johan Erstad  
**Sendt:** torsdag 24. august 2023 14:54  
**Til:** kjerstinkragseth@gmail.com  
**Emne:** SV: SAK 23/2403 - Gjeld krav om innsyn i epostkorrespondanse - Mjeldalen -  
Svar på krav om innsyn  
**Vedlegg:** SV: Bestilling førebuingsmøtevedr. regulering av tomt 54/25 og 30,  
Mjeldalen

Hei igjen

Eg viser til dykkar innsynskrav og e-posten nedanfor. Kommunen har no undersøkt om administrasjonen har hatt e-postkorrespondanse med tiltakshavar ((Skjerping/Mjeldalen næringspark, ansvarleg søker og/eller forslagsstillar) som ikkje er journalført på dei aktuelle arkivsakene.

Frå planavdelinga har eg fått opplyst om noko korrespondanse knytt til bestilling av førebuingsmøte/oppstartsmøte, sjå vedlegg.

Svaret elles er at det ikkje er nokon i kommunen som har hatt etterspurt korrespondanse med tiltakshavar (i vid forstand) ut over dette. Dei som er førespurt om dette er kommunedirektør, kommunalsjef for samfunnsutvikling, planavdeling og byggesak. Sjølv har eg som leiar for teknisk forvaltning og plan heller ikkje hatt nokon slik korrespondanse.

Beste helsing

**Tore Johan Erstad**

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



**OSTERØY  
KOMMUNE**



40 28 65 56



[osteroy.kommune.no](http://osteroy.kommune.no)

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;*

*All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*

---

**Fra:** Tore Johan Erstad

**Sendt:** tirsdag 8. august 2023 11:43

**Til:** [kjerstinkragseth@gmail.com](mailto:kjerstinkragseth@gmail.com)

**Emne:** SAK 23/2403 - Gjeld krav om innsyn i epostkorrespondanse - Mjeldalen - Førebels svar, orientering

Hei, Kjerstin Kragseth

Kommunen syner til innsynskrav vedr. planinitiativ og dispensasjon/byggesak. Kravet gjeld e-postkorrespondanse mellom ordførar/kommunen og tiltakshavar i 2022 og 2023.

Innsynskravet gjeld arkivsakid 23/1360 (planinitiativet) og 22/3288 (dispensasjon/byggesak).

Ordførar Fjeldstad vil svare deg direkte kva han gjeld, men eg forstår at han etter kontroll ikkje har hatt slik e-postkorrespondanse og at det derfor ikkje er noko å gje innsyn i.

Vi undersøker no om nokon andre i administrasjonen har hatt e-postkorrespondanse med tiltakshavar ((Skjerping/Mjeldalen næringspark, ansvarleg søker og/eller forslagsstiller) som ikkje er journalført på nemnde arkivsakar. På grunn av feriefråvær og førespurnaden sin karakter, vil det kunne ta noko tid å sjekke ut dette. Eg kjem tilbake til deg når me har fått gjort naudsynte undersøkingar.

Beste helsing

**Tore Johan Erstad**

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



OSTERØY  
KOMMUNE



40 28 65 56



[osteroy.kommune.no](http://osteroy.kommune.no)

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;*

*All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*